

HDL-kolesterol i serum

Bakgrunn

s-HDL-kolesterol er eit mål for konsentrasjonen av HDL-partiklar (High Density Lipoproteins). Dette er relativt små og tette lipoproteinpartiklar.

HDL-partiklane har viktige oppgåver ved å transportere kolesterol vekk frå veva. Det er bevist at låge verdiar av s-HDL-kolesterol er ein viktig sjølvstendig risikofaktor for utvikling av arteriosklerotisk hjarte-karsjukdom.

Indikasjonar

Vurdering av risiko for arteriosklerotisk hjarte-karsjukdom, særleg dersom s-kolesterol er auka eller pasienten av annan grunn har auka risiko for arteriosklerotisk sjukdom.

Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetning.
Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

m >18 år 0,8-2,1 mmol/L
kv >18 år 1,0-2,7 mmol/L

Tolkingar

Dersom s-HDL-kolesterol er låg, aukar risikoen for arteriosklerotisk hjarte-karsjukdom. Er s-HDL-kolesterol derimot høg, er risikoen til ei viss grad redusert.

Fysisk aktivitet og moderat alkoholbruk aukar s-HDL-kolesterol, medan røyking og fedme minkar konsentrasjonen.

Feilkjelde: Unngå langvarig stase.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 7,1 %